

# Sakspapir

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------|-------|------------|
| Øivind Olsnes |       | 16/78      |

| Saksnr   | Utvalg        | Type | Dato       |
|----------|---------------|------|------------|
| 023/2016 | Formannskapet | PS   | 03.05.2016 |

## Orienteringssaker

### Underliggjande saker:

| Saksnummer | Tittel                                      |
|------------|---|
| 023/2016.1 | Rapport, kulturminnevernmidler 2010 - 2015. |

### Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

### Saksopplysningar:

## Formannskapet - 023/2016

### FOR - behandling:

I møtet vart det orientert om og drøfta følgjande:

#### Utlysing av stilling: Kultur- og utviklingssjef

Rådmannen orienterte og svarte på spørsmål frå Kristin Nåmdal

#### Grindbygg

Ordførar følg opp spørsmål/framlegg frå Kristin Nåmdal

#### Møte med reiselivsbedrifter

Etter forslag frå Kristin Nåmdal inviterer ordførar og varaordførar til eit møte med alle reiselivsaktørar i kommunen

**Bru over elv ved Eikebakken**

Ordførerar følg opp spørsmål/framlegg frå Kristin Nåndal

**Opning av kalkingsanlegg - open dag**

Etter spørsmål frå Kristin Nåndal orienterte ordførerar og rådmann om opplegg for opninga av kalkdoseraranlegget den 10. mai. Elveigarlaget vert utfordra til å arrangere ein open dag ved kalkingsanlegget for skuleelevar / andre interesserte med informasjon om planlagt kultiveringsarbeid i Modalselva.

**Utbetring av området ved Bryggjeslottet**

Rådmannen orienterte og svarte på spørsmål frå Linda Neset. Finansiering/kostnader vil verte nærmare kommentert i årsmeldinga for 2015.

**Brenning av og behov for opprydding av avfall**

Kjetil Eikefet reiste spørsmål ved kven som har ansvar for å føre tilsyn med brenning av avfall som truleg skulle vore levert på godkjendt deponi.

Rådmannen orienterte om at kommunen er lokal tilsynsmynde for dette og vil følgje opp saka.

Det vart også reist spørsmål ved om det er behov for å lage ein lokal ryddeaksjon og levering av plast frå landbruket.

**FOR - vedtak:**

Sakene vert tekne til orientering

**Vedlegg:**

Rapport, kulturminnevernmidlar 2010 - 2015.